



Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

Oslo, 27. august 2015  
Ref.: 14A.9 LKE/AS

## **Høring om godkjenningsordning for skuleordlister**

Vi viser til høyringsbrev av 12.6.2015 om godkjenningsordning for skuleordlister. Litteraturselskapet Det Norske Samlaget vil med dette kome med våre innspel til framlegget til ny godkjenningsordning. Vi kommenterer framlegga i høyringa punkt for punkt.

### **Til pkt. 1 og 2**

Vi meiner for det første at det er svært viktig å behalde ei godkjenningsordning for skuleordlister (jf. § 9-4 i opplæringslova), og at den omfattar både digitale og trykte utgåver. Vi er samde i at ordlistene/ordbøkene skal vere i samsvar med offisiell rettskriving, og at dei må vise rettskrivinga i full breidd.

Det er truleg ikkje realistisk å utvide godkjenningsordninga til å gjelde også tospråklege ordlister, men det burde ha vore eit krav til tospråklege ordbøker at dei skulle ha dei norske synonyma både på nynorsk og bokmål.

### **Til pkt. 3**

Ein føresetnad for ei framtidig godkjenningsordning må vere at Norsk ordbank, bokmål og nynorsk, kan brukast i kontrollarbeidet. Det er derfor viktig at Språkrådet så snart som råd utviklar det verktøyet som skal til for at forlaga sjølv kan kontrollere eit ordbokmanus mot Norsk ordbank, eventuelt at Språkrådet bruker Ordbanken i kontrollarbeidet.

### **Til pkt. 4**

Vi er samde i at manus til godkjenning skal innehalde eit kjernevokabular, men stiller spørsmål ved korleis Språkrådet vil gjennomføre dette punktet i praksis. Det kan synast vanskeleg å lage og følge generelle retningslinjer for eit kjernevokabular. Ser ein kanskje for seg at frekvensordlister er retningslinja, eller har Språkrådet tenkt å utarbeide eit kjernevokabular?

### **Til pkt. 5**

Då Språkrådet godkjende lærebøker til skulebruk, var det retningslinjer for kor lang tid Språkrådet maksimalt kunne bruke på arbeidet. Det burde vere mogleg å setje ei



maksimaltid for kor lang tid ein treng til å godkjenne ei ordliste, særleg når Ordbanken blir teken i bruk i kontrolleringsarbeidet.

## **Til pkt. 6 og 7**

Vi er samde i at ordlister bør inn til godkjenning etter større revisjonar, men at jamlege oppdateringar ikkje utan vidare fører til krav om ny godkjenning.

## **Til pkt. 8**

Vi støttar forslaget om at tolkingar av den aktuelle målforma skal drøftast med Språkrådet.

## **Til pkt. 9**

Vi er samde i at ei godkjenning gjeld til neste (større) rettskrivingsendring, og at ordlistene ikkje må inn til godkjenning kvart femte år, som tidlegare.

## **Til pkt. 10**

Det er sjølv sagt i forlaget si interesse å kunne opplyse om at ordlista/ordboka er godkjend av Språkrådet, så vi støttar dette punktet. Spørsmålet er om Språkrådet burde kontakte forlag som bruker formuleringar som kan tolkast som godkjenning – utan at ordlista er godkjend. Ei formulering som "Tillate å bruke på eksamen" vil mange tolke som at ordlista er godkjend til skulebruk.

## **Til pkt. 11**

Det er bra og viktig at Språkrådet opplyser på nettsidene sine kva for ordbøker og ordlister som er godkjende.


## **Oppsummering**

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget meiner det er viktig å halde på godkjenningsordninga for ordbøker og ordlister, fordi ein då sørgjer for at alle skuleelevar lærer same rettskriving. Utan ei godkjenning kunne ein tenkje seg at skular tok i bruk ordlister som inneheldt berre eit utval av rettskrivinga.

Det er likevel viktig at godkjenningsordninga blir effektivisert, slik at forlaga ikkje må vente i lang tid på å få godkjent nye ordlister.

Vennleg helsing

for Litteraturselskapet Det Norske Samlaget



Liv Kari Eskeland  
styreleiar